


## Til deg som får stråling mot hovudet



### Behandling

Kvar behandling tar 10 - 15 minutt. Sjølve strålinga tar ca. 1 – 5 minutt. Du får behandling kvar dag, unntatt i helgene og helgedagar. Underveis i behandlinga vil det bli tatt bildekontrollar på behandlingsapparatet. Desse bilda viser ikkje korleis sjukdommen påverkast av behandlinga, men er ein viktig kvalitetskontroll for å sikre at behandlinga blir gitt på rett stad.

### Legekontrollar

Det blir tatt blodprøvar i løpet av behandlingsperioden. Du får time til lege her på avdelinga. Når du er hos lege kan du få svar på spørsmål angåande sjukdommen og behandlinga. Dersom du treng reseptar eller sjukemelding, er det viktig å ta det opp når du er inne hos legen. Det kan vere ein fordel om du på førehand skriv ned det du har tenkt å spørje legen om.

### Røyking

Strålinga er avhengig av oksygen for å verke effektivt. Røyking vil føre til redusert oksygennivå i blodet og kan dermed redusere effekten av behandlinga. Vedvarande røyking under strålebehandling har òg samanheng med auka førekommst av biverknadar. Det er derfor svært viktig at du sluttar å røykje. Snakk med stråleterapeut eller lege for råd og rettleiing.

### Ernæring

Eit variert og næringsrikt kosthald er viktig under strålebehandlinga og i tida etterpå. Dette kan gjere at du toler behandlinga betre og held styrke og energi ved lag. Dersom du opplever vekttap eller har vanskar med å få i deg nok mat og drikke, ta kontakt med behandlingspersonalet. Ved behov kan du få henvisning til ernæringsfysiolog.

### Omsorg for mindreårige barn (0-18 ÅR)

Har du daglig omsorg for mindreårige barn og har de eventuelt behov for oppfølging i forhold til din sykdom?

## **Biverknadane av strålebehandlinga**

Strålebehandlinga kan medføre biverknadar. Desse kjem gjerne etter ei til to vekers behandling. Biverknadane gir seg ofta gradvis to til tre veker etter avslutta strålebehandling.

### **Vanlege biverknadar er:**

#### Trøttleik

Strålebehandlinga kan gjere at du føler deg meir trøytt og slapp. Det er då godt å få litt ekstra søvn og kvile. Frisk luft er bra, ta gjerne ein spasertur dersom du har anledning. Det er viktig med eit variert og næringsrikt kosthald. Under strålebehandlinga er det viktig å drikke rikeleg. Kroppen treng 1,5 - 2 liter væske dagleg. Er du yrkesaktiv kan du arbeide som vanleg, viss du sjølv ønskjer det.

#### Hårvfall

Dette skjer kun i det bestrålte området. Hårvfallet startar 1-2 veker ut i behandlinga. Dersom du ønskjer parykk, bør den bestillast tidleg i behandlingsperioden. Du får dekka utgifter til parykk eller hovudplagg etter gjeldande reglar. Du kan få rekvisisjon til parykk når du er på kontroll hos legen, eller du kan snakke med personalet på behandlingsmaskina. Moglegheita for at håret seinere vil vekse ut igjen avheng av stråledose og er derfor individuelt. Huda kan bli irritert av behandlinga. Bruk ein mild sjampo ved hårvask.

#### Hovudpine

Dersom du får hovudpine under behandlinga, må du gi beskjed til personalet. Det kan eventuelt vere nødvendig med medisin mot dette.


Lette konsentrasjonsvanskar og därlegare korttidsminne kan oppstå av behandlinga. Det er også ein liten auke i risiko for epilepsianfall. For å unngå desse anfalla bør du unngå stress, høge lydar, flimrande lys og alkohol.

#### Kvalme

Enkelte kan bli kvalm og uvel av strålebehandlinga. Dersom dette blir eit problem kan du få medisin mot kvalme.

**Dersom det oppstår biverknadar eller du har andre spørsmål i forbindelse med behandlinga, kan du spørje personalet på behandlingsmaskina. Du kan også ta det opp med legen når du er til kontroll.**

Her kan du sjå korleis førebuing og gjennomføring av strålebehandling går føre seg: [Strålebehandling](https://www.youtube.com/watch?v=Strålebehandling) ([youtube.com](https://www.youtube.com))



**Haukeland Universitetssjukehus  
Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk**

**Versjon: 7.06**

**Gjeld fra: 03.07.2024**

[www.helse-bergen.no/avd/kreftavdeling](http://www.helse-bergen.no/avd/kreftavdeling)